

26.10.2007

60 på barnediskotek fredag kveld!



Rundt regna 30 frå femte til sjuande klasse utfalda seg i Helgheim fredag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje rart at leiarane med ungdomslagsleiar Thomas Eide i spissen smilte frå øre til øre fredag kveld: Det møtte fram 60 på barnediskoteket i Helgheim, likt fordelt på dei to gruppene. Den yngste gruppa er først til fjerde klasse medan den eldste er femte til sjuande.

Det har vore barnediskotek ein gong tidlegare i haust – den 5. oktober. Då møtte det 14 i yngste og 12 i eldste gruppe. Talet var altså meir enn fordobra fredag kveld og leiarane undra på om det har vore så mange på dette diskoteket nokon gong. Held dette seg, har begrepet "dans på lokalet" fått ein ny dimensjon i ei ny tid i Uskedalen!

I prinsippet skal barnediskoteket haldast ein gong i månaden, men det blir ikkje noko i november og neste diskotek kjem den første helga i desember, fortel Thomas.

Det er ein lang tradisjon som har fått slik ein god start i ein ny sesong. Olaug Aasen fekk i gang barnediskoteket allereie på 1980-talet og ho gjorde ein kjempeinnsats til ho takka av i 2005.

I den seinare tid har frammøtet i gruppa for dei eldste gjerne lege rundt 30, medan det har vore meir varierande i gruppa for dei yngre. Så er da også dette ei ny gruppe, som vart starta så seint som i januar i 2006 etter initiativ av Tone Bakke og med Karianne Halvorsen og Magnhild Haugland som entusiastiske støttespelarar.

Fredag var det Karianne som saman med Thomas og Tone Bakke Eik leia diskoteket, men dei hadde god hjelp av nokre tenesteviljuge guitar.

Av Ola Matti Mathisen



....og det møtte fram like mange frå første til fjerde klasse. (Foto: Ola Matti Mathisen)